

Kva skjer med det eg kastar?

REDNINGA FOR JULEGÅVEPAPIRET

Gratis sekk til restavfall

SJEKK UT MIDTSIDENE

Nei, alt blir ikkje brent

Bli med på turen vidare etter dunken

KONKURRANSE

Kryssord og rebus



OPNINGSTIDER

Miljøstasjonane

Mjølstadneset

Måndag-torsdag kl. 12.00-19.00

Fredag kl. 08.00-15.00

Myklebustmyrane

Tysdag kl. 14.00-19.00

Torsdag kl. 14.00-19.00

Saunesmarka

Måndag-torsdag kl. 10.00-17.30

Fredag kl. 08.00-15.00

Greinplassen Eidet

Døgnopen i sommarsesongen.

Følg med på reinhaldsverket.no for oppdatering om første opningsdag.



– Halvparten av avfallet hadde hatt det betre i ein annan dunk.

Andrea Øien Sæverud

Dagleg leiar i SSR

Bra jobba!

I haust fekk vi vite kva som er i restavfallsdunken din. Eller i alle fall kva den gjennomsnittlege innbyggjaren vår kastar der. Halvparten av det som endar opp i restavfallet, hadde hatt det betre i ein annan dunk.


Litt å strekke oss etter, men det finst også ei gladnyheit: Folk i Hareid, Herøy, Ulstein og Sande har blitt betre til å sortere dei siste fire åra.

Den store forbetringa sidan sist analyse, handlar om at meir av matavfallet no hamnar i matavfallsdunken, der det gjer mest nytte for seg. Folk har også blitt flinkare til å kaste papp og papir i rett dunk.

På dei neste sidene får du vite meir om kva som faktisk skjer med alt det du kastar på rett plass.

Takk for at du gjer ditt!

Dette kastar vi i dunken for restavfall



	Restavfall: 48%
	Matavfall: 15%
	Plastemballasje: 10%
	Papp og papir: 9%
	Glasemballasje: 1%
	Metallemballasje: 2%
	Tekstilar: 9%
	Farleg avfall og EE-avfall: 2%

Avfallet inneheldt også posar til avfall (3%) og anna metall (1%).

Frå avfall til ressurs

Matavfall → biogass og gjødsel

Matavfallet blir henta hjå SSR ein til to gongar i veka med vogntog. Brønskalkar, potetskrell og epleskrottar blir då køyrde til Mjøsanlegget ved Lillehammer. Der blir posane spretta og matavfallet omdanna til biogass, gjødsel og jord.




Plastemballasje → nye plastprodukt

Plastemballasjen går til eit sorteringsanlegg i Sverige. Her blir plasten sortert etter type, og sendt vidare til eit gjenvinningsanlegg, som også ligg i Sverige. Der blir plasten smelta om til små pellets som blir brukte til å lage nye produkt. Blanda plast kan sjeldan gjenvinnast, men produsentar av emballasje og plastfabrikkane jobbar for å gjere dette enklare – og nærmare her vi bur.



Papp, papir og drikkekartong → nye produkt

Papp, papir og drikkekartong blir frakta til papirfabrikkar i Noreg, Sverige og Danmark. Papirprisane svingar, men vi får alltid betalt for det vi leverer. I Noreg blir papp gjenvunne til blant anna skoer.



Restavfall → straum og varme

Restavfallet køyrer vi til energigjenvinningsanlegget Tafjord Kraftvarme i Ålesund. Ved forbrenning blir restavfallet omdanna til straum og varme i bygningar. Røyken blir grundig filtrert for å minimalisere utsleppa.



Metallemballasje → nye metallprodukt

Metallemballasjen blir først sendt til Sirkel sitt sorteringsanlegg utanfor Fredrikstad. Deretter går turen vidare til smelteverk i Norge og utlandet, for så å bli selt vidare som råvare til ny produksjon. Hermetikkboksen din får då nytt liv, kanskje som ein bildel, sykkel eller verktøy.




Glasemballasje → råstoff og nye glasprodukt

Glasemballasjen kan gjenvinnast uendeleg mange gongar. Vi køyrer glas- og metallemballasjen til Sirkel utanfor Fredrikstad. Resirkulert glas blir brukt som råstoff til både vegmasse (glasopor), isolasjon, syltetøyglas og brusflasker.



 Batteri → destruksjon og gjenvinning



Batteri frå alt frå høyreapparat til bilar, kan du som privatperson levere utan kostnad på miljøstasjonane våre. Då oppbevarer og pakkar vi dei sikra mot brann, før dei blir sende til Batteriretur i Fredrikstad som tek seg av vidare destruksjon og gjenvinning av metalla i batteria.

 Elektronikk → demontering og nye produkt

Elektronikk inneheld mineral som det er begrensa tilgang på, og dermed viktig å gjenvinne. EE-avfallet blir sendt til Elektrogjenvinning Møre på Vartdal og Revac i Fredrikstad. Hå Revac demonterer dei alt dei får inn, og tek ut alt frå ulike typar metall til plast, som blir gjenvunne og brukt i nye produkt.



 Tekstilar → gjenbruk og nye produkt



Tekstilar som er brukbare blir samla inn i utplasserte kleskonteinarar av aktørar som Fretex, UFF og Fileks. Dei sel anten kleda i eigne butikkar i Noreg, sel dei til andre land, eller brukar tekstilane til å lage nye produkt.

Øydelagde tekstilar tek vi imot på miljøstasjonane våre, og sende vidare til Norsk Tekstilgjenvinning for å bli til nye tekstilprodukt. Ikkje alle tekstilar er av god kvalitet og kan gjenvinnast – tenk deg derfor om før du kjøper nytt!

KONKURRANSE

Vinn gåvekort til ein verdi av kr. 500,-

Set inn orda som manglar i kryssordet under. Dei skraverte rutene skal bli til eit ord som er utgangspunktet for rebusen nedst på sida. Ordet du kjem fram til i rebusen er løysingsordet i konkurransen. Send inn løysingsordet til konkurranse@reinhaltsverket.no innan 21. desember. Vi trekker tre vinnarar 22. desember. Desse får eit gåvekort kvar frå eit lokalt kjøpesenter til ein verdi av 500 kroner. Konkurransen er for både store og små. Sjå reinhaltsverket.no/vilkar for konkurransevilkår.


Psst...
Eg er lettare
enn eg ser ut!

2 bokstavar	5 bokstavar	7 bokstavar	9 bokstavar
EE	Plast	Pellets	Matavfall
	Kaste	Verktøy	Gjenvinne
3 bokstavar	6 bokstavar	Sortere	Tekstilar
SSR	Sykkel	Batteri	
Tre	Metall	Produkt	12 bokstavar
	Kloden	Biogass	Miljøstasjon
4 bokstavar	Frete	Kartong	
Dunk			16 bokstavar
Jord			Sorteringsanlegg

_____ - NA + G +  +  - O +  - T = Løysingsord


Løysingsord i kryssord

Greitt å vite




Hentekalender

Med gratisappen Min Renovasjon får du varsel kvelden før om kva dunk du skal sette ut. Du får også oversikt over returpunkta for glas- og metallemballasje, kleskonteinarane og miljøstasjonane. Om du heller ønskjer å ha hentekalenderen på papir, finn du han på reinhaldsverket.no.



Tomt for sekkar eller posar?

Når du er i ferd med å gå tom for sekkar for plastemballasje eller matavfallsposar, kan du knyte ein pose på den dunken det gjeld. Då vil renovatøren legge igjen ein ny rull til deg. Du kan elles hente nye sekkar og posar på ein av miljøstasjonane våre.



Nyttige tips på sortere.no

På nettsida sortere.no og appen Sortere får du nyttige tips som gjer det enklare å kjeldesortere. Her får du praktiske råd til både sortering, gjenbruk og korleis du kan kaste mindre.



SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS
post@reinhaldsverket.no
Tlf: 70 00 70 50 Telefontid: 09.00-15.00
(stengt 12.00-12.30)



@reinhaldsverket



facebook.com/reinhaldsverket



reinhaldsverket.no